



Indremisjonsforbundet

# Raknestunet

Raknesvegen 840,  
5281 Valestrandfossen

[raknestunet@imf.no](mailto:raknestunet@imf.no)  
Telefon: 98904929

## Døgn/helge-opphald på Raknestunet

### Prisar per person per døgn 2024:

Vaksne:	890,-
Ungdommar 13-17 år:	735,-
Born 4-12 år:	610,-
Familie som deler rom, makspris pr. døgn:	2835,-

Tillegg for arrangement som kun går over eitt døgn i helg: 15 %

- Døgnprisen inkluderer 4 måltid: Frukost, middag, kaffimåltid/dessert, kvelds. I tillegg kan de få frukt i løpet av dagen om ønskeleg.
- Ønsker de berre *ei* overnatting, men fleire måltider enn dei 4 som er inkludert, så vert det utrekna eit tillegg i pristilbodet som de får på førehand.
- Ei helg frå fredag ettermiddag til søndag for/ettermiddag vert rekna som to døgn, og inneheld følgjande måltider: Fredag: Kvelds. Laurdag: Frukost – middag – kaffimåltid/frukt – kvelds. Ein kan velje å ha ein litt lettare/enklare middag, og så få «noko godt» laurdag kveld, for eksempel pizza eller taco. Søndag: Frukost og middag.
- Minstepris for ei helg: 37 000 (tilsvarar prisen for 25 ungdommar 13-17 år).
- Minstepris for eitt døgn: 21 000.
- Prisen forutset at de tar med eige sengetøy. Leige av sengetøy kostar 150 kr i tillegg, + 50 kr om du ynskjer ferdig oppreidd seng. Handduk kostar 30 kr. pr. stk. Enkeltrom kostar 150 kr i tillegg. Det er dyne og pute på alle rom.
- Det kan ikkje nyttast medbrakt mat på Raknestunet, utanom medbrakte kaker til kaffimåltid. Ein kan heller ikkje bruke Raknestunet sin kjøll og frys til lagring av mat, forutan kaker til kaffimåltid, som vi har eit lite kjøleskap til.

### Bestilling og fristar:

All bestilling og kommunikasjon skjer via e-post. Me bed om at de følger desse fristane:

#### Seinast to veker før de kjem:

- Program for helga (i alle fall tid for ankomst, avreise og måltider)
- Anslag på kor mange som kjem
- Om de vil bruke kiosken (må betjenast av dei tilsette på Raknestunet)
- Eventuelle menyønsker
- **Info om allergiar!** (viktig pga menytilpassing innanfor varebestillingsfristen)

#### Seinast ei veke før de kjem:

- Siste oppdatering på kor mange som kjem

**Avbestilling:**

- Avbestillingsgebyr mindre enn 2 mnd. før arrangement: kr 5000,-
- Avbestillingsgebyr mindre enn 1 mnd. før arrangement: kr 10000,-

**Fasilitetar:**

Me har 20 rom med egne bad. Romma har 1-5 sengeplassar. Totalt 85 sengeplassar.

Me har og eit heilt nytt aktivitetsrom, stort uteområde, fotballbane, privat brygge, kanoar, tarzanløype og stor parkeringsplass til dykkar disposisjon.

**Våre reglar:**

- Det skal være ein ansvarleg hovudleiar som fyller ut romlister og fordeler brannberedskapen.
- Utesko skal takast av ved inngongen.
- Alkohol og andre rusmidlar er ikkje tillatt
- Røyking er ikkje tillat innandørs og skal ikkje forekomme mindre enn 10 meter frå huset
- Eventuelt hærverk blir fakturert i henhold til omfang
- Fellesarealet og uteområdet må ryddast ved avreise
- Golvet på internatromma må støvsugast, bosspose tas ut og ny settast inn
- Peisestova må støvsugast ved behov

**Ta med:**

Sengetøy: laken, putetrekk og dynetrekk. Evt sovepose, laken og putetrekk.

Handduk kan lånast, og kostar 30.kr. pr. stk.